

30.04.2016

Stordugnad i båthamna.



Pause med kaffi og noko å bita i er viktig på dugnader.

I dag vart den store vårdugnaden i båthamna avvikla. 28 av bålagsmedlemmene møtte opp. Det vart gjort eit storarbeid for at hamneområdet skal vera best mogeleg presentabelt til sommarsesongen. Dei mange arbeidsoppgåvene spreidde seg frå heilt naudsynt vedlikehaldsarbeid til viktige ting for at området skal ta seg fint ut.

Styret og dugnadsleiar Jan Henrik Hansen hadde gjort eit svært godt førearbeid då dei hadde punkta opp det som skulle gjerast. Dette vart sendt ut til medlemmene på epost. Ut frå dette leia Hansen dugnaden på ein svært god måte, men eg trur han også skal dela æra for dette med kåno, Liv.

Dugnadsdeltakarane vart fordelt på ulike oppgåver. Her vart det raka, kosta, høgtrykkspylt og sjaina opp på ulike måtar. Snikkararbeid sytte for nødvendig utskifting av treverk. Hekken bak bodene bort mot Rabben Feriesenter vart fjerna, medan hekken ned mot hama til Øyro Marina vart frisert. Teltet vart reist og klargjort for sesongen. Det vart gjort naudsynt dreneringsarbeid på plenen ved teltet, og oppe ved båthuset vart det raka, plukka stein, gjødsla og sådd med plenfrø. Til svært god hjelp var det at Trond M. Lekva stilte med traktor og tilhengar. Det vart heilt sikkert også gjort arbeid som underteikna ikkje fekk med seg.

Med det gode dugnadsveret og så mykje godtfolk samla, gjekk arbeidet unna med godt stemning og god prat. Dugnadskaffi og noko å bita høyrer alltid med på skikkeleg dugnad. Slik var det også her. Spar hadde spandert noko godt til kaffien, og det var båtlaget svært takksame for.

- Eg trong ikkje spørja dei ein gong når dei skjøna at eg skulle handla til dugnadsfolket, sa Hansen om den saka.

Sjølv om mykje godt arbeid vart gjort i løpet av dei 4 timane dugnaden pågjekk, er det alltid noko å gjera i båthamna. Dessutan var det nok også folk det ikkje passa for i dag, som ønskjer å gjera sin dugnadsinnsats. Derfor er det berre å ta kontakt med dugnadsleiar Jan Henrik Hansen, så vil han tildela arbeidsoppgåver.

Det er no 113 båtplasser i hamna til Uskedal båtlag.



Klar til innsats!



Dugande hekkefrisørar!



Hekkefjerning med handkraft er slitsomt.



Hekkfjerning med motorsag går unna. då trengst det ryddemannskap.



Viktig dreneringsarbeid vart gjort.




Høgtrykkspyling pågår!



Teltet skal opp!



Teltet er oppe.



Klargjering for gjødsling og såing.



Mange hjelpende hender!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.